Til Hjelmeland kommune

Forvaltningsavdelinga

Uttale til Kommuneplan for Hjelmeland sentrum

På vegne av grunneiere i Sandedalen, Spar v/ Tone Kristin og Arild Munthe og Enkel Bygg og Butikk as sendes denne uttalen.

Enkel Bygg og Butikk as:

Enkel B&B driver i dag Trelasthandel og butikk på Sandetorjå, 20 års jubileum i haust, tia går fort !!!!!!!!!!. Konseptet me har i butikken er at her skal du få det meste, med hovudfokus på maling, jernvare og sport / fritid.

Konseptet har fungert bra fram til dei siste åra. Men nå ser me at handlemønsteret endrar seg. Netthandel er kommen som ei kula, det slår negativt ut for sport / fritid. Det same er den nye trenden med bytting av klær / utstyr i tillegg til å kjøpe brukt.

Trelasthandelen flytta me fra Fister for ca 10 år sia. Me var klar over at det var trangt og lite egna lokaliteter for trelasthandel på Sandetorjå, men alternativet med å drive på to plasser var dårligare. For å få dette til måtte me og etablera eit Trelastlager opp på Puntsnes, dvs me driv i dag fra 2 plasser, dyr løysing lite effektivt.

Kva type handel er det mulig å ha innafor vårt segment i framtida, tenk Hjelmeland.

Vår vurdering er at det er mulig med ein Byggevarebutikk (miniutgave av Monter / Byggmakker / XL Bygg) tilpassa vårt marked. Me tenker og at butikken skal ha eit sortiment som fokuserer på hage, fritid, natur og opplevelser, tenk særs hyttefolket som er ei stor kundegruppe.

Skal ein få eit konsept som skissert må ein har tilpasse lokaler inkl uteområder for parkering, varelevering m.m. Dette er svært vanskelig å få til på Sandetorjå.

Ei nyetablering i Sandedalen saman med andre aktører som Daglivare, lokaler for rørlegger, elektro m.m ser me på som det optimale. Beliggenheten er så nær sjø at me ville kunne serve dei som kjem med båt og med godt synlig for trafikken på riksvei 13 og oppstillingsplassen for ferja.

Spar

Spar har behov for større butikk, meir parkering og betre adkomst for varelevering m.m. Butikken slit med små og lite egna lokaler. Flytting til Sandedalen vil gi muligheter for å få gode og funksjonelle lokaler inkl adkomst, parkering og ikkje minst synlighet til vei og trafikk.

Spar v/ Tone Kristin og Arild leverer inn egen uttale, dvs i tillegg til denne.

Grunneigar i Sandedalen (familien Birkemo)

Grunneigarane er positive til at det blir etablert butikker, bustader m.m i Sandedalen. Områda som me nå viser til i kart er berre ein liten del av deira eigedom, resterande områder er det ikke tatt stilling til i denne uttalen, evt bruk av desse områda vil komma som egen uttale.

Forslag til bruk av areal Sentrumsformål og bustader (vist på kart)

Det er vanskelig i ein så tidlig fase å var 100 % konkrete på kva som er mulig å etablera av aktivitet i området.

For å få økonomi i ei utbygging til forretning m.m er det heilt avgjerande at det og blir opna opp for bustadbygging i deler av området dvs. skråninga opp mot bustadfeltet Breiablikk og i etasjer over bygningsmasse til butikker m.m.

Område satt av til Reiseliv:

Me har ikkje konkret innspel på bruk av areal foreslått til Reiseliv, men ser det som positivt med Reiseliv som formål for avsatt område.

Vonar at administrasjonen i sitt forslag til videre behandling av Kommuneplan for sentrum og politikkarene i si handsaming av saka, resulterer i eit vedtak som legg til rette for ei positiv utvikling for oss som næringsaktørar i området.

Viss spørsmål ta kontakt

Hjelmeland 31.08.19

Leif Magne Kleppa på vegne av

Enkel Bygg og Butikk

Spar v/ Tone Kristin og Arild Munthe

Grunneigar v/ familien Birkemo

Vedlegg: Kart som viser område for bustadbygging – sentrumsformål og reiseliv